

Innbyggjarar på Leikvoll
v/Helge Dyrkolbotn

12.oktober 2023

Austrheim kommune
v/kommunedirektør

Innspel til budsjett for 2024 Austrheim kommune

Vi som bur her på Leikvoll har sett at auka og endra trafikk på den kommunale vegen opp på garden har ført til kraftig slitasje på vegen. Transport av tunge maskiner, henting av tømmer og kjøring av store lass med rundballar og auka landbruksaktivitet slit mykje på vegen.

Vegen treng ei skikkeleg oppgradering med utbetring av stikkrenner og asfaltering, og vi håper at dette kan gjerast i løpet av 2024.

Vi ser med glede på auka aktivitet her på garden, og synes det er flott at landbruket blomstrar, at bøane vert haldne ved like, at skogen vert teken ut og at det er aktivitet her. Det er slik det skal vera. Vi håper no at kommunen sikrar at vegen vert utbeta.

Mvh

Innbyggjarar på Leikvoll

Helge Dyrkolbotn
Asgeir Leikvoll
Jocunn Wilsen
Eirik Tollerhaug
Rahel M. Tollerhaug
Gjellaug Håland
Gunn Håland Dyrkolbotn

Heidi Håland Solberg

Ole Hjeltnes

For Helge Dyrkolbotn
Sigrun og Norman Magnussen

